



Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Vår referanse
19/878 20/2527

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Bernt Brandal

Dato
05.03.2020

AVHENDING AV BRANDAL FISKERIHAMN – AVKLARINGAR OG GODE LØYSINGAR

Hareid kommune (HK) syner til hyggjeleg telefonsamtale i tillegg til brev frå Kystverket datert 18.02.20.

Gjennom samtalen kom det fram at sakskomplekset er meir arbeidskrevjande for begge parter enn det ein såg for seg i byrjinga. Dei politiske prosessane og den offentlege sakshandsaminga er godt dokumenterte i arkivmaterialet. Det er også eit klart bilde av ansvarsområde i førebuing og gjennomføring av utbygginga og forvaltingsansvaret etter utbygginga. Men prosessen med sikring av rettar og innløyasing av grunn og strandrettar er truleg ikkje gjennomførde slik føresetnadane var for etablering av statleg fiskerihamn. Vi ser at det har vore eit omfattande arbeid med grunneigaravtalar i etterkant av den siste moloutbygginga. Mange notat og fleire møtereferat syner at det har vore usemje og ein del komplikasjonar. Etter det vi finn kan tre private grunneigarar ha intakte eigedoms- og strandrettar i hamneområdet innanfor nordre og søre molo. Men Hareid kommune har løyst inn og rår over brorparten av eigedoms- og strandrettar, om lag 70%.

Brandal har arbeidd aktivt for å få etablert skikkeleg hamn heilt sidan 1928. Den siste utbygginga var derfor svært velkomen i bygda og for HK som stod for både reguleringsarbeid og for all nødvendig innløyasing av rettar. Oppretting av statleg fiskerihamn såg alle som ei samfunnsinvestering i infrastruktur og som viktig støtte til fiskerinæringa. Dette måtte sjåast i eit hundreårsperspektiv. Av den grunn var alle glade for utbygging av moloar sjølv om strandrettar ikkje vart innløyste. Av same årsak var det sjølv sagt at HK ga Kystverket løyve til å legge moloar og landfeste på sine eigedomsrettar, strandrettar og utfyllingsrettar. Det står ingen stad skrive, eller det var aldri noko tema, at Kystverket fekk overført rettar som skulle vere omsettelege eller som kunne vere salsobjekt til andre offentlege eller private investorar. Basert på dei prosessane som vart gjennomførde etter moloutbygginga, er HK overtydd om at "heimfall" av rettar hadde vore eit ufråvikeleg krav dersom spørsmål om avhending hadde vore tema den gongen.

Brandal båtlag har engasjert seg sterkt i saka. Båtlaget har flytebrygger både i den nordlege og i den sørlege delen av hamna. Laget var også med i eit spleiselag som mudra hamna. I tillegg har laget investert i båtopptrekk på kommunal grunn i sørenden av hamna. Båtplass i flytebryggene vert sett som verdfullt for innbyggerane i Brandal. Derfor har båtlaget engasjert seg sterkt i å avklare kva rettar som rår i hamnebassenget, og kva følgjer det får for båtlaget at status som *statleg fiskerihamn* opphøyrer.

Også grunneigarar i Brandal stiller spørsmål kring den juridiske situasjonen dersom Brandal hamn skal avhendast og misse status som *statleg fiskerihamn*. Det var ei kommunal oppgåve å løyse inn alle strandrettar i hamna. Men dei som framleis har rettane intakte hadde ikkje noko imot at det vart etablert statleg fiskerihamn til gagn for den viktigaste næringa langs kysten. Desse grunneigarane har ikkje skrive frå seg eller på anna vis overført rettar til Kystverket som er omsettelege slik at dei kan seljast for kroner og øre. HK finn heller ikkje spor av at dette med vidaresal av rettar har vore tema i noko kommunalt organ. I klartekst tyder dette at HK ikkje har avhenda kommunale rettar som kan vidareseljast til ein tredjepart for kroner og øre. Ved avhending og opphøyr av Brandal hamn som statleg fiskerihamn ser HK det som naturleg med "heimfall" av kommunale rettar som Kystverket har fått nytta desse åra. Det er eit rimeleg utfall når formålet med utlån av rettar opphøyrer.

I Kystverket sitt brev av 12.02.2020 fekk vi avklara mange spørsmål i hamnesaka. Det svarbrevet var til stor hjelp for HK til å forstå situasjonen og avgrense problematikken. M.a. slo Kystverket fast at dei ikkje hevdar å eige grunn i hamna, til landfeste eller til sjøgrunn som moloane ligg på. I samband med dette er det lov å nemne at det var HK som løyste inn retten til steinuttak på bruk 40/19, og som betalte kvartalsvis for den steinen som Kystverket tok ut til molobygginga.

Det er sjølv sagt i HK si interesse med rask avklaring av kva som skal skje med Brandal hamn. Det er i ingen si interesse at dette skal problematiserast, verte grunnlag for rettsleg strid eller dukke opp som følgjetong i pressa. Men ut frå dei problemstillingane og spørsmåla som har kome frå Brandal, må vi ha ei rimeleg klar saksutgreiing til formannskapet og kommunestyret. I dei møta må rådmannen og ordføraren vere budde på å gje gode svar på spørsmål vi veit kjem. Dette er ei viktig årsak til at HK både søkjer i arkiv og stiller detaljerte spørsmål til Kystverket. Både HK, båtlaget og grunneigarar er av den oppfatning at dokumentasjonsplikta ligg på avhendar ved sal av fast eigedom. Sjølv ein bil får ein ikkje avhenda eller vraka utan dokumentasjon av eigarskap.

HK har erfart at det fins løysingar i alle saker. Også kompliserte saker kan ha gode løysingar som alle er nøgde med. I denne saka er det ei løysing som er svært enkel å handtere utan arbeidskrevjande og komplisert sakshandsaming. Folk i Brandal, både grunneigarar og båtlag, har alltid vore krystallklare på vern av hamna som fiskerihamn. Den historiske erfaringa er at tidene skiftar, og at infrastrukturen for fiskerinæringa må oppretthaldast. Dersom Brandal hamn kan oppretthaldast som fiskerihamn i kommunal regi vil det vere i samsvar med både folkevilje og

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

www.hareid.kommune.no
postmottak@hareid.kommune.no

Sentralbord: 70 09 50 00
Org. nr: 964 979 278
Kontonr: 4093.07.00195

reguleringsformål. I dag har Kystverket ei kostnadsside gjennom forvaltingsansvar og vedlikehald/repasasjon. Desse kan enkelt overførast til HK ved ein avtale som er transparent og enkel å forstå for ålmenta, sakshandsamarar og politikarar. Kommunale rettar som Kystverket har nytta skal ikkje nemnast i ein slik avtale fordi kommunen ikkje har skrive frå seg rettar. Private rettar som Kystverket har nytta utan avtale skal heller ikkje nemnast. Ingen har innvendingar til at moloane ligg der til vern for ålmenta og fiskeriinteressene. Innvendingar vil som tidlegare nemnt berre dukke opp ved freistnad på avhending til private investorar. Når det gjeld sjølve molokonstruksjonen er det heller ikkje trong om særskilde merknader eller forklaring i ein avtale. Som tidlegare nemnt har HK kosta steinmassene og Kystverket har stått for arbeidet. Den arbeidsinnsatsen bør sjåast som ei støtte og tiltak for fiskerinæringa. Staten gjev stor støtte til mange næringar og fiskerinæringa treng ikkje vere noko unntak. Alle vil forstå det utan at det oppstår trong for utgreiing.

Med dette meiner HK å ha gjeve eit klart signal om at det er interesse for kommunal overtaking av Brandal fiskerihamn. Formålet er å oppretthalde hamna med same formål i kommunal regi. Basert på det som er skrive ovanfor om rettar og eigedom, saman med det faktum at kommunen tek over kostnader i form av risiko, vedlikehald og ansvar, kan Kystverket avhende hamna til Hareid kommune. Med tanke på vilkår for overdraging er det rimeleg å samanlikne med vilkåra for overdraging av fiskerihamner til fylkeskommunane. Vi har registrert at det er bekymring i fylkeskommunane frå Møre og nordover rundt kostnadssida ved å overta forvaltning, risiko og vedlikehald av hamner og moloar. Oppfatninga er at dei økonomiske midlane som følgjer overdragingane er utilstrekkelege. Hareid kommune har ikkje noko godt kostnadsbilde for overtaking av det fulle ansvaret for Brandal fiskerihamn. Av same grunn har vi ikkje rekna på storleiken av økonomiske midlar som bør følgje overdraginga. Men Kystverket har truleg gode tal både for vedlikehald og reparasjonar. Sjølv om moloendane har sige litt ned i grunnen er det truleg mindre fare for større utrasing. Kystverket har den beste kompetansen til å stipulere notidsverdien av framtidige reparasjonar og vedlikehald.

Med dette ber HK om eit tilbod frå Kystverket på overtaking av Brandal fiskerihamn etter same prinsipp som ved overdraging til fylkeskommunen. Når vi erkjenner at Brandal hamn ikkje er direkte omsetteleg til private aktørar er dette ei framtidsretta løysing til beste for alle partar.

Hareid kommune ynskjer at Kystverket vurderer saka og godkjenner forslaget. Det er liten tvil om at dette er god støtte til fiskerinæringa. Framfor alt vert det ei ordning som medfører ro rundt avhendinga.

Med helsing

Bernt Brandal
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur(